

SØKNAD OM AVKJØRSEL FRÅ KOMMUNAL VEG

20.8.18

Eg søker med dette om løyve til opparbeiding av avkjørsel frå kommunal veg.  
Dette gjeld Sagstadvegen på Øvre Sagstad som vist på vedlagt kart.

Formålet med vegen er å byggja veg til areal som skal nyttast til oppstillingsplass/velteplass evt med redskapshus. Eg har målt opp frisiktlinjer langs vegen, og teikna dei inn på kartet. Dei syner realistiske mål på 70 meter opp langs vegen , og heile 100 meter nedover.

Etter opparbeiding av vegskulder og grøft langs Sagstadvegen, vil frisiksstrekninga oppover også bli svært god.

Eg tenkjer å nytte landbruksvegklasse 4 til oppstillingsplassen utan avvik frå vegklassa.

Dersom Meland kommune har synspunkt eller merknader til vegen er eg lydhør for dette. Målet er å få på plass ein god veg slik at også turvegen mellom Sagstad og Fosse er integrert i avkjørselen.

Håpar dette går an å få til.

Med venleg helsing

  
Morgan A. Sagstad